

14. jan 2016

Til
Lindås kommune
Kulturkontoret
v/ Eileen Feste

Uttale frå Lindås kulturråd på «Fordeling av kulturmidlar 2016, framlegg frå rådmannen»

Lindås Kulturråd meiner det er trist at ramma for kulturmidlar har vore uendra dei siste 5 åra. Dette er ikkje i trå med politiske lovnadar og prioriteringar.

Lindås Kulturråd kan berre uttale seg på generelt grunnlag i og med at rådet ikkje har historikken med tildelingane. Rådet kjenner for lite til kvifor summene er slik dei er mellom dei ymse kategoriane.

Nokre kommentarar/ synspunkt har vi:

1. Med ei vidareutvikling av Frivilligregisteret er det naturleg å tenkje at for å få kulturmidlar må laget vere registrert i Frivilligregisteret.
2. Som eit prinsipp så bør kulturmidlar gå til dei som **gjev noko tilbake til samfunnet**. Hobbyklubbar og vaksenaktivitet som har som føremål og samlast og ha det kjekt saman, f.eks. bridgeklubbar, filatelistklubbar m.m. kvalifiserer ikkje til kulturmidlar. Det må takast opp til vurdering om aktivitetane kristent arbeid, pensjonistlag, velforeningar, helse-relaterte lag, hobbyrelaterte aktivitetar m.m. skal kunne motta kulturmidlar til drift på fast basis.
3. I utgangspunktet bør det ikkje kome meir enn ein søknad frå kvart lag. I søknaden kan det vere ramsa opp ulike aktivitetar søknaden gjeld for. Det er uheldig at eit lag/grendahus kan søkje fleire stader med berre å endre på teksten.
4. Det må bli meir heilskap i vurderinga på kva kategori søknadar kjem inn under. Spesielt når det kjem til vedlikehald av lagshus, utstyr til leikeapparat m.m.
5. Prioritering av born og ungdom har alltid vore lagt høgt opp på listane. Men ein prosentvis andel på 15 % er ikkje ei prioritering av born og unge. Lindås kulturråd ønskjer at kulturkontoret i kommunen kan prøve å synleggjere kor mykje som eigentleg går til denne aldersgruppa på tvers av kategoriar. To kolonnar ekstra på skjemaet i framlegget som syner tal på vaksne over 18 år og ei for dei under 18 år kan kanskje vere nyttig.
6. Det bør vere mogleg å få til ein form for tilbakemelding på innvilga penger på ein viss storleik, for å verifisere at midlar blir brukt til det dei er søkt for.

Lindås Kulturråd stiller seg til disposisjon og ser fram til eit godt samarbeid i samband med debatten kring fordeling av kulturmidlar.

På vegne av styret i Lindås kulturråd

.....
Einar Vatne
Styreleiar

.....
Per Ole Ekker
Sekretær